

Kjære foreldre og føresette

Sidan mange av deltakarane på ZuluLAN er unge, har vi sett saman eit foreldreskriv med føremål å fortelje litt om kva tenåringen tilbringer helga med.

Eit LAN er eit arrangement kor deltakarane tar med seg PCane sine og koplær dei til eit nettverk for å spele spel, surfe internett, dele filer og snakke med kvarandre.

ZuluLAN er Vest-Telemark sitt største LAN og arrangerast for trettande år på rad! Nokon LAN er reine spel-LAN, medan andre også tilbyr arrangement og aktivitetar i tillegg til speling og fildeling. ZuluLAN ynskjer å ha eit LAN av det aktive slaget, og tilbyr også aktivitetar for ungdommar som ikkje har PC som hovudhobby. Det vil bli mange ulike konkurransar, aktivitetar og spel.

Det vil alltid være crew/vakter på området kor LANet arrangerast. Vår oppgåve er å sjå til at alt går riktig for seg, at nettverket fungerer som det skal, og deltakarane har det dei treng. Vi er mange frivillige som vil gjere alt vi kan for at ZuluLAN blir ein trygg, underholdande og lærerik oppleving!

Vi krev likevel at alle deltakarar under 16 får samtykke frå føresette for å kunne delta på ZuluLAN.

Situasjonsbilde (kor aktiviteten er motivet) tatt under arrangementet kan publiserast på Zululan.net og sosiale media som høyrer til ZuluLAN. Dersom einskildpersonar er lett å identifisere på eit bilete, vil vi alltid spørje om lov før ein eventuell publisering.

Ta gjerne kontakt med oss dersom det er noko de lurar på!

Beste helsing

Leiinga i ZuluLAN

Eg samtykker til at _____

kan delta på ZuluLAN 15.-17. mars 2024.

Dato: _____ Underskrift føresett: _____

Telefonnummer til føresett: _____

